

**Møteprotokoll**

| | |
|------------------|----------------------------------|
| Utval: | Vaksdal kommune, Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Heradshuset, Kommunestyresalen |
| Dato: | 10.05.2023 |
| Tid: | 15:00 – 17:15 |

Følgjande faste medlemer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|-----------|---------------|
| Vegar Sellevold | Leiar | AP |
| Anne Christin Eide | Nestleiar | AP |
| Anneli Vatle Lilletvedt | Medlem | H |
| Odd Jøran Oldervik | Medlem | SV |

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------|----------|---------------|
| Bjart Magnus Rosvold | MEDL | KRF |

Følgjande varamedlemer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------------|----------------------|---------------|
| Jan Hansen | Bjart Magnus Rosvold | AP |

Andre som møtte

| Namn | Stilling |
|------------------------|---|
| Atle Fasteland | Kommunedirektør |
| Nina Jakobsen Bakketun | Dagleg leiar Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF (Sak PS 17/23) |
| Silje Fossdal | Finansiell revisor Deloitte |
| Kjersti Gjuvsland | Forvaltningsrevisor Deloitte |
| Einar Ulla | Seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune |

Vegar Sellevold
utvalsleiarEinar Kåre Ulla
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|------------------|---|-----------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 5/23 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 6/23 | Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 12.04.2023 | 2022/132 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 12/23 | Kommunedirektør orienterer om arbeid med etikk og mot misleg framferd i Vaksdal kommune | 2023/357 | |
| PS 13/23 | Kommunedirektør orienterer om reglement vedrørende godtgjersle for folkevalde | 2022/137 | |
| PS 14/23 | Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve til Vaksdal kommune 2023 | 2022/259 | |
| PS 15/23 | Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022 - uttale frå revisor | 2022/128 | |
| PS 16/23 | Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF - Uttale frå kontrollutvalet | 2022/128 | |
| PS 17/23 | Årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune 2022 - Uttale frå kontrollutvalet | 2022/128 | |
| PS 18/23 | Forvaltningsrevisjon Plan og byggesak i Vaksdal kommune - status | 2022/135 | |
| PS 19/23 | Forvaltningsrevisjon av barnehagar - status i arbeidet | 2023/360 | |
| PS 20/23 | Gjennomgang av møteprotokollar 10.05.2023 | 2022/133 | |
| PS 21/23 | Eventuelt | 2022/137 | |

GK 5/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedtekne.

GK 6/23 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 12.04.2023

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 12.04.2023 vert samrøystes godkjent.

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak:

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 12.04.2023 vert samrøystes godkjent.

PS 12/23 Kommunedirektør orienterer om arbeid med etikk og mot misleg framferd i Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om kommunen sitt arbeid med etikk og mot misleg framferd. Orienteringa vart teken til vitande.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kommunedirektøren si orientering om etikk vart teken til vitande.

PS 13/23 Kommunedirektør orienterer om reglement vedrørende godtgjersle for folkevalde

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektøren orienterte om reglement vedr. godtgjersle for folkevalde i Vaksdal kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande

PS 14/23 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve til Vaksdal kommune 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

PS 15/23 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022 - uttale frå revisor

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning
2. På bakgrunn av det som kjem fram i den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga 2022 frå Deloitte AS og i kontrollutvalsmøtet 10.05.2023 ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 13.09.2022 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort for å få kommunen til å etterleve regelverket på dette punktet.

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor konkluderte i uttalen etter gjennomført etterlevingskontroll om tilhøve som indikerer at Vaksdal kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b) knytt til refusjon av sjukepengar. Revisor orienterte i møtet nærare om grunnlaget for konklusjonen, som mellom anna var grunnjeven med at det mangla skriftlege rutinar og prosedyrer i dette arbeidet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning
2. På bakgrunn av det som kjem fram i den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga 2022 frå Deloitte AS og i kontrollutvalsmøtet 10.05.2023 ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort for å få kommunen til å etterleve regelverket på dette punktet.

PS 16/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF i 2022 hadde eit netto driftsresultat på kr. 541 212, som svarar til 9,34 % av inntektene
2. Videre registrerer kontrollutvalet at disposisjonsfondet er på 33,3 %, godt over tilrådinga til Riksrevisjonen.
3. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF for året 2022, og har ikkje øvrige merknader til denne.
4. Uttalen vert sendt til kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar orienterte om rekneskap og årsmelding. Utvalet sine medlemmer fekk svar på spørsmål, og vedtok uttalen slik den låg føre.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF i 2022 hadde eit netto driftsresultat på kr. 541 212, som svarar til 9,34 % av inntektene
2. Videre registrerer kontrollutvalet at disposisjonsfondet er på 33,3 %, godt over tilrådinga til Riksrevisjonen.
3. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF for året 2022, og har ikkje øvrige merknader til denne.
4. Uttalen vert sendt til kommunestyret via formannskapet.

PS 17/23 Årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune 2022 - Uttale fra kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2022 som framlagd.
2. Kontrollutvalet ber, på bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» og «Revisjonsrapport for regnskapsåret 2022 nr. 10» frå Deloitte, kommunedirektør om å kome i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort med tilrådingane i rapportane.

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor orienterte om utvalde punkt frå revisjonen sitt arbeid. Medlemmane i utvalet fekk svar på sine spørsmål, og vedtok uttalen slik den var framlagd.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2022 som framlagd.
2. Kontrollutvalet ber, på bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» og «Revisjonsrapport for regnskapsåret 2022 nr. 10» frå Deloitte, kommunedirektør om å kome i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort med tilrådingane i rapportane.

PS 18/23 Forvaltningsrevisjon Plan og byggesak i Vaksdal kommune - status

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek revisor si orientering om status og vidare framdrift av prosjektet til vitande

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor orienterte om status og vidare framdrift av denne forvaltningsrevisjonen. Kontrollutvalet ynskjer å få behandla rapporten slik at saka kan sendast til kommunestyret for behandling 13. juni. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå revisor om nytt leveringstidspunkt sett i lys av dette.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisor si orientering om status og vidare framdrift av prosjektet til vitande
2. Kontrollutvalet ber om snarleg tilbakemelding frå revisor om nytt leveringstidspunkt for rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon for eventuell behandling i kommunestyret 13. juni

PS 19/23 Forvaltningsrevisjon av barnehagar - status i arbeidet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om status i prosjektet til orientering

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor informerte kontrollutvalet om status i prosjektet. Kontrollutvalet tok revisor sin informasjon til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om status i prosjektet til orientering

PS 20/23 Gjennomgang av møteprotokollar 10.05.2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokoll frå møte i formannskapet 25.04.2023 var ikkje tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Protokoll etter møte i kommunestyret 09.05.2023 var ikkje ferdig.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Gjennomgang av protokollane vert utsett til neste møte.

PS 21/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Jan Hansen tok opp spørsmålet om kva som er gjort i sak frå perioden 2015 - 2019 om Skreiaveien. Kontrollutvalet ber kommunedirektør orienter om dette i neste møte.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunedirektør orientere om kva som er gjort i saka frå perioden 2015 - 2019 om Skreiaveien på Vaksdal i neste møte i kontrollutvalet.